



Norddal kommune

STRATEGIPLAN

For bruk av midlar til

**Spesielle Miljøtiltak i Landbruket (SMIL)
Nærings- og Miljøtiltak i Skogbruket (NMSK)
Drenering
2018 - 2019**



Framsida: Lauvskog i Heggen i Valldal (Foto: Norddal kommune)

Vedteke i formannskapet 24.09.2018

Saks nr 63/18

Innhald

1.	Bakgrunn	3
2.	Organisering av arbeidet	3
3.	Landbruket i Norddal	4
4.	Bruken av SMIL og NMSK-midlane 2004 – 2017	5
5.	Interesse for bruk av midlane	6
6.	Kommuneplanen	6
7.	Landbruksmelding for Møre og Romsdal	7
8.	Utfordringar i perioden	7
9.	Målsetting med bruken av dei økonomiske virkemidlane.	9
10.	Prioritering av bruken av dei økonomiske virkemidlane	9
11.	Søknadsfristar og behandling.....	10
12.	Vilkår ved tildeling av midlar	10
13.	Tilskotssatsar	10

1. Bakgrunn

Forvaltninga av økonomiske verkemidlar til miljøtiltak i jord- og skogbruk er ei oppgåve som vart overført til kommunane i 2004. Dette var for å styrke det lokale sjølvstyret og å gje kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver. I tillegg fekk kommunane ansvar for tilskot til drenering i 2013. Desse verkemidla er styrt av forskrifter:

Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket - (SMIL)

Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket - (NMSK)

Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord.

Formålet med SMIL-ordninga er å ivareta natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap, og redusere ureininga frå landbruket. Tilskotet er for tiltak som går utover den vanlege jordbruksdrifta. Prosjekta og tiltaka skal prioriterast ut frå lokale målsetjingar og strategiar.

Formålet med NMSK-midlane er stimulering av auka verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert ivareteke og vidareutvikla.

I forskriftene for SMIL- og NMSK-midlane står det at tiltaka skal prioriterast utifrå lokale mål og strategiar. Kommunen skal fastsette overordna retningslinjer for prioritering av søknader, med søknadsfrist og vilkår.

Tilskot til drenering er fastsett sentralt gjennom forskrifta, utan lokale retningslinjer.

2. Organisering av arbeidet

Etter forskrifta for SMIL-midlane §8 og NMSK-midlane §3 skal kommunen fastsette overordna retningslinjer for prioritering av søknadar. Dei skal utarbeidast i dialog med fylkesmannen og næringsorganisasjonane i jordbruket lokalt.

Planen er sendt til faglaga for uttale.

Faglaga blei invitert til drøftingsmøte 04.09.2018:

Valldal Bondelag, Audun Skjervøy
Eidsdal og Norddal Bondelag, Petter Melchior
Eidsdal og Norddal sau og geit, Jannicke Tafjord
Valldal og Fjørå Beitelag, Jarle Hauge
Norddal og Stordal skogeigarlag v/Harald Jøsvoll

Desse møtte:

Valldal Bondelag, Audun Skjervøy
Eidsdal og Norddal sau og geit, Kristian Indreeide
Norddal og Stordal skogeigarlag v/Nils Jarle Hjelme

Strategiplanen skal godkjennast av formannskapet i kommunen. Forvaltninga av tilskotsordningane er delegert til den administrative landbruksforvaltninga, organisert under teknisk næring og miljø og fellestenestene.

3. Landbruket i Norrdal kommune

Jordbruk

Totalt jordbruksareal 2017 var 18 180 dekar, fordelt på 13 195 dyrka og 4985 da innmarksbeite, dette utgjør 1.91 % av det totale arealet i Norrdal kommune.

Tal landbrukseigedomar er 342 (2017). Bruk i drift er 93, av desse 47 bruk med husdyr pr. 1.3.18. Hovudproduksjonen er mjølk på storfe og geit, kjøttproduksjon på storfe, svin og sau, frukt og bærproduksjon.

Frukt og grønt levert til godkjent omsetningsledd:

Vekstar	2012	2017
	kg	kg
Jordbær	668 124	337 640
Bringebær	33 514	43 173
Eple	13 000	10 000
Plomme	12 514	14 000
Morell	110	640
Potet	54 968	
Kålrot	65 664	1980

Frukt og grønt levert til godkjent omsetningsledd, privatsal er ikkje med i oversikta.

Veksthus:

Veksthus	01.08.2012		01.08.2017	
	Vekst	kg	Vekst	kg
	Slangeagurk	122676	Slangeagurk	115004

Dyretal og føretak med husdyr:

Dyreslag	01.08.2012		01.03.2018	
	Føretak	Dyr	Føretak	Dyr
Mjølkekyr	15	435	13	394
Mjølkegeit	8	898	5	1161
Sau/vêr over 1 år	34	1815	30	2120
Ammekyr	2	10	4	17
Storfe	21	996	21	572
Avlspurke	4	58	4	68
Slaktegris	5	949	4	845

I tillegg til slaktegris har også fleire av produsentane smågrisproduksjon.

Produksjon:

	2012	2017
Leverte mjølk ku	3 053 363 liter	2 840 802 liter
Leverte mjølk geit	625 588 liter	670 442 liter
Leverte slakt geit/kje	3 650 kg	8 482 kg
Leverte slakt sau/lam	53 993 kg	69 549 kg
Leverte slakt gris	256 369 kg	218 201kg
Leverte slakt storfe/kalv	87 665 kg	72 107 kg

Skogbruk

Produktivt skogareal i Norddal kommune er 103 000 daa. I perioden 2012 - 2017 er det avvirket 20 484 m³ og det er planta ut 27 685 plantar.

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Sum
Avvikra (m ³)	434	4521	475	12 546	2399	109	20 484
Nyplanting (stk)	0	0	14 925	6260	6000	0	27 185

4. Bruken av SMIL og NMSK-midlane 2012 – 2018

Tabell 1 – bruken av tildelte midlar:

År	Tildelt			Brukt		
	SMIL	NMSK	Drenering	SMIL	NMSK	Drenering
2012	400 000	35 000	-	576 000	12468	-
2013	370 000	30 000	150 000	386 000	0	55 540
2014	370 000		90 000	370 000	46092	42 000
2015	270 000	18 000	100 000	455 000	23022	11 400
2016	270 000	44 000	70 000	273 000	8351	24 000
2017	220 000	40 000	70 000	216 000	20722	11 710
2018	240 000	30 000	100 000	239 899		46 000
Sum						

Kommunane fekk ansvar for drenering i 2013

Evt. inndregne midlar blir brukt til prosjekt som er søkt på etter fristen, alle tildelte/inndratte midlar blir brukt opp.

Tabell 2 – løyvde midlar etter type tiltak:

Tabell syner løyvd tilskot, fordelt i perioden 2012-2018

Type tiltak SMIL	Løyvd kr	Tal prosjekt
Kulturlandskapstiltak	2 303477	68
Forureiningstiltak	279 875	10
Planleggingstiltak	0	0

Tilskot vert normalt utbetalt når arbeidet er ferdig. Dersom planlagde SMIL-tiltak ikkje vert utført innan fristen som normalt er 3 år, kan ein søkje utsetting i 2 år, er ikkje midlane brukt vert tilskotet inndratt.

Midlane kan då løyvast på nytt til andre søkjarar det året dei er inndratt.

5. Interesse for bruk av midlane

Som ein ser av tabell 1 så har etterspurnaden etter SMIL-midlane vore så stor at midlane har vore brukt opp kvart år. Ordninga er kunngjort via Norddal kommune sine heimesider og på kommunen si Facebookside.

NMSK-midlane har det vore lite etterspurnad etter, og det er heller ikkje mykje midlar som løyvast. Ordningane er ikkje tilstrekkelig kjent blant skogeigarane, så kunngjering og søknadsfrist kunne vere ei løysing for å få fleire ut i skogen og til å søkje midlar.

6. Kommuneplanen

I samfunnsdelen til kommuneplanen er det sett opp mål og retningslinjer for ulike område.

For næringsutvikling er hovudmålet at Norddal kommune skal ha eit lønnsamt næringsliv og eit sterkt kompetansemiljø, som vert omtala som berekraftig og nyskapande.

Norddal vil satse på vidareutvikling av primærnæringane, og ser på garden som ein viktig ressurs. Ein skal mellom anna:

- Motivere grunneigarane og vere ein aktiv medspelar for grunneigarane som ser, eller ynskjer å utvikle fleire moglegheiter på eigen gard
- Arbeide for å utnytte ressursane og moglegheiter i primærnæringane, for å skape nye arbeidsplassar t.d innafor Inn på tunet, opplæring eller andre område.

Norddal vil satse på reiseliv basert på natur – kultur – helse

- Stimulere grunneigarane til stell og pleie av kulturlandskapet
- Motivere til vedlikehald og restaurering av gamle bygningar
- Synleggjere kulturlandskapet og dei gamle skikkane, og bruke produktet innan turisme

For miljø og berekraftig utvikling er hovudmålet at aktivitetane i lokalsamfunnet vårt bør skje innafør bereevna i naturen i minst mogleg grad går ut over naturverdiane.

Kommunen skal:

- Bevare jordbruksareala og dei produktive skogbruksareala
- Halde ved lag ubrotne grønne korridorar frå fjord til fjell
- Sikre større samanhengande område med høg landskaps- og opplevingskvalitet

Ta vare på biologisk mangfald (nøkkelbiotopar, sjeldne og kravfulle vegetasjonstypar)

7. Landbruksmelding for Møre og Romsdal

I Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017 står det at landbruksnæringa si fremste oppgåve er å produsere mat og trevirke – i tråd med marknaden. Ved sidan av dette forvaltar næringa store fellesverdier. Landbruket er grunnlaget for kulturlandskap og levande bygder, viktig for økonomisk verdiskaping og sysselsetting. Likevel står næringa ovanfor store utfordringar: Strukturendring, dårleg lønsemd og svak rekruttering. Landbruket skal vere synleg i samfunnet og halde ved like og utvikle godt omdømme – som mat og matsikkerheit, berekraft, kulturverdier og rolle i lokalsamfunnet. Det er eit mål å ta vare på jordbruket sitt produksjonsareal og å auke beitebruken både i areal og tal dyr. Det er også eit mål at Møre og Romsdal fylke skal vere eit fylke som vil arbeide for å nå nasjonale mål og klimagassreduksjonar og forureining frå landbruket.

Overordna mål i landbruksmeldinga som kan vere aktuell for SMIL/NMSK-ordninga:

- Auka verdiskaping – meir basert på lokale ressursar
- Auka beitebruk
- Ta vare på produksjonsarealet
- Miljø- og klimavennlege løysingar
- Redusert avrenning frå landbruksareal
- Planting av skog på hogstflater
- Skogkulturtiltak i yngre skog

8. Utfordringar i perioden

Generelt

Norddal kommune er ei stor landbrukskommune. Strukturendringane i landbruket går frå mange små bruk til færre. Det har vore stor investeringsvilje, med fleire nye fellesfjøsar dei siste åra. Det er i underkant av 100 aktive føretak med stort og smått, av desse er det 8 besetningar med over 20 kyr., og 30 besetningar med meir enn 20 vinterfora sauer.

For desse er det aktuelt med større og betre beite i tillegg til ureiningstiltak, som også er eit nasjonalt mål for SMIL-midlane.

Mindre bruk og ikkje aktive kan ha meir tid til istandsetting av gamle bygg, steingardar og anna.

Tilskotet kan brukast til å stimulere ønska utvikling. Samarbeid mellom fleire kan vere nødvendig.

Skog

Det er få aktive skogseigar, det har vore teke ut store mengder skog dei siste åra og desse hogstflatene skal plantast til. Nokre område er det planta ut, men store område står att. Ungskogpleie er eit forsømt område. Allereie etter 3-4 år etter planting bør ein ta til med det. Å gjere areal meir egna til skog er eit anna område ein bør satse på. Tilskot er med på å stimulere til ønska utvikling.

Kulturminne

Steingardane våre utgjer viktige kulturminne og linjer i landskapet. Samtidig har dei ein funksjon som skilje mellom eigedomar eller gjerde. Der steingardane er godt bygde, bør ein kunne løyve midlar til reparasjon. Kvernhus, utslåttløer og andre Sefrak-registrerte bygningar har stor verdi som kulturminne.

Kulturlandskap

Kulturlandskap og biologisk mangfald vert best teke vare på ved eit aktivt landbruk. Det meste av jordbruksarealet i kommunen er framleis i bruk, men beite og bratte eller små slåttemarkar gror att. Dei er ikkje lenger rasjonelt haustande med dagens haustingsutsyr. Utsikt forsvinn. Slikt areal vil lettast verte stelt om der vert rasjonelle gjerdeordningar for beiting av utstyr. Utsikt forsvinn. Slikt areal vil lettast verte stelt om det vert rasjonelle gjerdeordningar for beiting av husdyr. Gamle eller manglande gjerder gjer beiting utfordrande. Det bør vere eit villkår å fjerne både gamle gjerde og piggråd når ein set opp nytt gjerde.

Rydding av slåtte- og beitemark som veks att er eit anna mål. Biologisk mangfald, artar som er raudlista og sjeldne, er avhengig av beiting og slått.

For gjerding i utmark må det vere preg av tidlegare aktivitet, som brenning, styving eller seterdrift for å få tilskot. Der hogstfelt kan gje rasjonelle beite, gjerne nær driftsbygning bør ein kunne få tilskot til nye gjerde.

Ugrastynning er eit forsømt felt, spesielt der jorda vert lite brukt. Vi ser knappisv, høymole og syregras/solleie breier om seg der drifta er svak. Men dette er tiltak som kjem inn under ordinær landbruksdrift, utan ekstra tilskot.

Ferdseltiltak/stiar

Å opne gamle stiar gjennom kulturlandskapet og gjere det attraktivt for ferdsle er eit anna tiltak som kjem mange til gode. Det kan vere spesielt aktuelt der ein har utkikspunkt og kulturminne, men også der ein berre har kulturlandskap. Rydding av utkikspunkt, grunder, grusing, skilting og rasteplassar kan vere aktuelle tiltak. Aktuelt som samarbeidsprosjekt mellom fleire aktørar. Det vil gje auka trivsel i bygdene på fleire vis.

Ureining

Norddal kommune er ein stor landbrukskommune med mange store gardsbruk. Det vert brukt mykje tungt utsyr på gardsbruka, godt drenerte areal er viktig for å auke bæreevna. Tilskot til drenering er ei eiga ordning. SMIL-midlane kan godt brukast til avskjæringsgrøfter i beite og for å opne tildegare lukka elvar, eller førebygging av erosjon av elvar/flomsikring. Det kan vere endra driftsopplegg, bygningsendringar eller oppsamlingsanlegg/renseanlegg. Rundballeplast er ei ureingskjelde om det kjem på avveggar. Tak på utelager for gjødsel kan hindre avgassar. Lagerplass med drenering for rundballar er aktuelt. Det same gjeld oppsamling av avrenning for utekve.

Andre utfordringar

Tidlegare har mykje av SMIL-midlane gått til gjerding, også mot nabo. Eit samarbeid på tvers av nabogrensene hadde gitt betre bruk av midlane, med inngjerding av større areal med mindre mengde gjerdemateriell. Slike samarbeidstiltak bør derfor prioriterast føre enkelttiltak.

SMIL-ordninga dekkjer som oftast berre ein liten del av kostnaden. Men ei løyving kan samordnast med andre tilskotsordningar, slik som kulturminnefondet og miljøverntilskot. Kommunen bør rettleie om muligheitene til å søkje fleire ordningar.

9. Målsetting med bruken av dei økonomiske virkemidlane

SMIL-midlar:

1. Hindre attgroing av kulturlandskapet og tap av biologisk mangfald
2. Tiltak som fremjar beitebruk
3. Redusere ureining frå jordbruket
4. Ta vare på viktige kulturminne og kulturmiljø, og andre element i kulturlandskapet
5. Hindre forfall og sette i stand eldre, verneverdige bygningar
6. Legge til rette for ferdsel til viktige kulturminne og kulturmiljø

NMSK-midlar

1. Fremje auka planting i skogbruket
2. Ungskogpleie
3. Kvalitetsfremjande tiltak i skogen som på sikt kan gje auka lønsemd
4. Auka hogst

10. Prioritering av bruken av dei økonomiske virkemidlane

SMIL-midlar:

1. Hindre attgroing og fremje beitebruk i kulturlandskapet
2. Ureiningstiltak i jordbruket
3. Stell av kulturminne og kulturmiljø
4. Tiltak som fremjar ålmenta sin tilgang til kulturlandskapet
5. Verneverdige bygningar

NMSK:

1. Planting og plantearbeid, suppleringsplanting
2. Ungskogpleie – etterarbeid
3. Tynning
4. Andre miljøtiltak i skogbruket
5. Grøfting, flaterydding og markberedning

Tiltak med klimaeffekt har prioritet.

Ved prioriteringane skal ein også vurdere søknadane ut frå naturmangfaldlova.

11. Søknadsfristar og behandling

Søknadsfrist for SMIL-ordninga er 1.mars kvart år, med løyving innan utgangen av april. Dersom ikkje alle midlane vert løyvd, eller midlar blir dratt inn, kan ein ha ny søknadsfrist/tildeling på hausten.

Søknadsfrist for dreneringstilskot er 1.mars kvart år, med løyving innan utgangen av april

Søknadsfrist for NMSK-midlar er 15.oktober kvart år

Søknadane vert handsama og vedteke av Teknisk, næring og miljø og løyvingane vert refererte i formannskapet.

12. Villkår ved tildeling av midlar

Det skal nyttast særskilte skjema for ordningane, med nødvendige vedlegg. Om ein ikkje har nok midlar og søkjar får avslag, må ein eventuelt søkje på nytt neste søknadsomgang.

- Tiltak som er begynt på kan ikkje tildelast midlar
- Det vert ikkje løyvd tilskot til arbeid med gravemaskin ved rydding/skjøtsel av gamal kulturmark
- Der grunneigar ikkje er søkjar, må skriftleg løyve frå grunneigar leggest ved søknaden. Leigeavtalen bør vere på 10 år.
- Søkjar vert ikkje prioritert om ein har søknadar som ikkje er avslutta/prosjekt frå tidlegare.
- Kommunen kan sette villkår for arbeidet og for vedlikehald i inntil 10 år.
- 25 % av dei løyvde midlane vert helde tilbake inntil arbeidet er utført og rekneskapet er godkjent
- Arbeidsfristen er 3 år. Fristen kan forlengast til maksimalt 5 år.

13. Tilskotssatsar

SMIL

For alle SMIL-tiltak kan ein løyve inntil 50% av godkjent kostnadsoverslag
Det er eit øvre tak for kostnadsoverslag på kr 200. 000,-

NMSK

Satsane for nokre tilskot til skogbruksføremål vert justert årleg av Fylkesmannen.
Andre satsar kan fastsettast av kommunen.

- Planting og plantearbeid, suppleringsplanting:
Inntil 30 % av godkjent kostnad. Inntil 1500 kr/daa
- Ungskogpleie – etterarbeid
Inntil 30% av godkjent kostnad. Inntil 450 kr/daa
- Tynning
Til areal på minst 2 daa, med minst uttak på 3m³/daa; tilskot 150kr/m³, maks 450 kr /daa

- Grøfting, flaterydding og markberedning:
Inntil 30% av godkjent kostnad. Maks 600 kr/daa
- Andre miljøtiltak i skogbruket
Inntil 30% av godkjent kostnad

Timesatsar

- Person kr 350,- pr. time
- Person med motorsag/ryddesag kr 400,- pr. time
- Person med traktor kr 550,- pr. time
- Person med gravemaskin kr 660,- pr. time

Ved rydding/skjøtsel/gjerding av gammel kulturmark til beite maks kr 3300 pr. daa.

Satsane kan endrast av Teknisk, næring og miljø, i takt med prisstigning og Innovasjon Norge sine satsar.